

Saksprotokoll

Organ: Finansutvalet

Møtedato: 07.03.2018

Sak nr.: 18/1276-3

Internt l.nr. 12024/18

Sak: 1/18

Tittel: **Budsjett 2019 / økonomiplan 2019-2022 - Arbeidsdokument 1/18**

Behandling:

Handsaming i møtet:

Fylkesrådmannen sine tilrådingar er tekne inn først i kvart punkt. Nummereringa samsvarer med nummereringa i arbeidsdokumentet.

1 ØKONOMPLANARBEIDET OG SAMANSLÅINGSPROSESSEN MED HORDALAND

Finansutvalet sluttar seg til fylkesrådmannen si tilnærming til økonomiplanarbeidet våren 2018.

Avrøysting:

Tilrådinga frå fylkesrådmannen vart samrøystes vedteken.

• RULLERING AV ØKONOMIPLAN

○ Rullering av driftsrammer - føresetnader

Finansutvalet sluttar seg til føresetnadane for rullering av driftsrammene til 2022.

Resultatet av den tekniske rulleringa av driftsrammene for 2022, eit underskot på 76,7 mill. kr, vert teken inn som ein del av det økonomiske opplegget for komande økonomiplan.

Sluttsalderinga av økonomiplan 2019-2021 vert teken inn som ein del av det økonomiske opplegget for komande økonomiplan.

Avrøysting:

Tilrådinga frå fylkesrådmannen vart samrøystes vedteken.

○ Rullering av investeringsrammer – føresetnader

Finansutvalet sluttar seg til føresetnadane for rullering av investeringsrammene til 2022.

Avrøysting:

Tilrådinga frå fylkesrådmannen vart samrøystes vedteken.

• FRAMLEGG TIL PROSESS, ARBEIDSDELING OG FRAMDRIFTSPLAN

○ Bestilling til hovudutvala

Økonomiplanarbeidet i hovudutvala våren 2018 skal i hovudsak dreie seg om å finne best moglege tilpassingar innafør gjevne sektorrammer.

Hovudutvala får i tillegg høve til å synleggjere naudsynte tiltak som ikkje let seg finansiere innafør sektorramma.

Fylkesrådmannen får i oppgåve å legge til rette for dette arbeidet gjennom eigne budsjettsaker til hovudutvala i mars/april.

Avrøysting:

Tilrådinga frå fylkesrådmannen vart samrøystes vedteken.

- **Innspel frå råd og utval**

Finansutvalet tek prosessen i høve innspel frå råd og utval til vitande.

Avrøysting:

Tilrådinga frå fylkesrådmannen vart samrøystes vedteken.

- **INNSPEL TIL NYTT INNTEKTSSYSTEM FOR FYLKESKOMMUNANE FRÅ 2020**

Det vert teke kontakt med Hordaland fylkeskommune både på administrativ og politisk side, med tanke på å få til eit felles innspel i høve nytt inntektssystem. Dersom HFK responderer positivt på dette, får fylkesrådmennene i oppdrag å utarbeide eit innspel til KMD sitt arbeid med nytt inntektssystem for fylkeskommunane frå 2020.

Innspelet skal politisk forankrast før det vert sendt til KMD hausten 2018.

Endringsframlegg:

Noralv Distad, Høgre, sette fram slikt tilleggsframlegg:

Innspel skal omfatta framlegg om særskilt ramme til veginvesteringar.

Avrøysting:

Tilrådinga frå fylkesrådmannen og tilleggsframlegget frå Høgre vart samrøystes vedteken.

- **ANDRE SAKER**

- **Rekneskap 2017**
- **Tilskot til idrettsanlegg**
- **Nytt opplæringsfartøy**
- **Nye oppgåver for fylkeskommunane**

Punkta 5.1-5.4 er utan tilråding

- **FØREBELS SALDERINGSSKISSE OG VIDARE ARBEID**

Punkt 6 er utan tilråding

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1 ØKONOMPLANARBEIDET OG SAMANSLÅINGSPROESSEN MED HORDALAND

Finansutvalet sluttar seg til fylkesrådmannen si tilnærming til økonomiplanarbeidet våren 2018.

2 RULLERING AV ØKONOMIPLAN

- **Rullering av driftsrammer - føresetnader**

Finansutvalet sluttar seg til føresetnadane for rullering av driftsrammene til 2022.

Resultatet av den tekniske rulleringa av driftsrammene for 2022, eit underskot på 76,7 mill. kr, vert teken inn som ein del av det økonomiske opplegget for komande økonomiplan.

Sluttsalderinga av økonomiplan 2019-2021 vert teken inn som ein del av det økonomiske opplegget for komande økonomiplan.

- **Rullering av investeringsrammer – føresetnader**

Finansutvalet sluttar seg til føresetnadane for rullering av investeringsrammene til 2022.

- **FRAMLEGG TIL PROSESS, ARBEIDSDELING OG FRAMDRIFTSPLAN**

- **Bestilling til hovudutvala**

Økonomiplanarbeidet i hovudutvala våren 2018 skal i hovudsak dreie seg om å finne best moglege tilpassingar innafor gjevne sektorrammer.

Hovudutvala får i tillegg høve til å synleggjere naudsynte tiltak som ikkje let seg finansiere innafor sektorramma.

Fylkesrådmannen får i oppgåve å legge til rette for dette arbeidet gjennom eigne budsjettsaker til hovudutvala i mars/april.

- **Innspel frå råd og utval**

Finansutvalet tek prosessen i høve innspel frå råd og utval til vitande.

- **INNSPEL TIL NYTT INNTEKTSSYSTEM FOR FYLKESKOMMUNANE FRÅ 2020**

Det vert teke kontakt med Hordaland fylkeskommune både på administrativ og politisk side, med tanke på å få til eit felles innspel i høve nytt inntektssystem. Dersom HFK responderer positivt på dette, får fylkesrådmennene i oppdrag å utarbeide eit innspel til KMD sitt arbeid med nytt inntektssystem for fylkeskommunane frå 2020.

Innspel skal omfatta framlegg om særskilt ramme til veginvesteringar.

Innspelet skal politisk forankrast før det vert sendt til KMD hausten 2018.

- **ANDRE SAKER**

- **Rekneskap 2017**
- **Tilskot til idrettsanlegg**
- **Nytt opplæringsfartøy**
- **Nye oppgåver for fylkeskommunane**

Punkta 5.1-5.4 er utan tilråding og vedtak

- **FØREBELS SALDERINGSSKISSE OG VIDARE ARBEID**

Punkt 6 er utan tilråding og vedtak